



Tilsynsutvalet i Hordaland

løyvehavarar

Vår ref. 19/918-3
Jp.id. 19/10521

Saksh. Anne Gerd Nysveen
Tlf. 53671535

Arkiv
N-468

Dato
18.12.2019

Retningslinjer for motorisert ferdsel i nasjonalparken - vintersesongen 2020

Tilsynsutvalet i Hordaland for Hardangervidda nasjonalpark tildeler motorferdselløyver etter fylgjande punkt for vintersesongen 2020:

- Transport av båt i samband med garnfiske, over 50 garndøgn, får 1 tur/retur. Jfr.pkt. 4.6.3.2b.
- Turisthyttedrift får antal turar basert på tidlegare rapportert årleg bruk. Jfr. pkt. 4.6.3.3a,b.
- Transport av varer og utstyr til beitebruk får inntil 2 turar årleg. Jfr. pkt. 4.6.3.4b.
- Byggjeløyve får køyrebok i godkjent byggjeperiode. Jfr. pkt. 4.6.3.5a.
- Eigar eller leigetakar av hytter og buer på privat grunn eller statsallmenning får inntil 3 turar/retur årleg til material, brense og liknande. Det må leggjast vekt på ant. kg og kva som skal transporterast. Jfr.pkt. 4.6.3.5a.
- Hytter og buer med fleire eigarar; kvar av eigarane får inntil 2 turar/retur kvar til material, brense og lignende. Det må leggjast vekt på ant. kg og kva som skal transporterast. Jfr.pkt. 4.6.3.5a.
- Transport av gamle og uføre som er særleg tilknytta nasjonalparkområdet får inntil 3 turar/retur. Jfr.pkt. 4.6.3.5d.
- Eattersyn og kontroll i samband med el-forsyning og teletenester, snømålingar og vedlikehald på damanlegg får køyrebok, jf.pkt. 4.6.3.5e.

Endring av registreringsnummer på køyrety må meldast til Tilsynsutvalet i Hordaland.

Løyve til transport vert normalt gitt til eigar av hytta. Dersom leigetakar søker om transportløyve, må han dokumentere at eigar fråskriv seg denne retten til transportløyve.

Endring av eigar/leigeforhold må meldast til Tilsynsutvalet i Hordaland.

All transport til stølen Gryting skal ha utgangspunkt på Garen. Dette for å hindre unødige lang køyring i nasjonalparken, som det vil medføra om turen startar på Røte.

Søknadar som ikkje er ”kurante”, og ikkje inngår under overnemnde punkt, vert lagt fram for Tilsynsutvalet i Hordaland i møte, eller i hastesaker avgjort av leiar og lagt fram som melding i neste møte.

Transporten skal utførast i tidsrommet 01.12. – t.o.m. 30.04.2020.

Sesongen for kjøreløyve om vinteren kan verta avslutta frå tidleg i april om det er rein i område der transporten skal foregå. Eventuell avslutting av sesongen vil verta varsla med kort frist. Dette vil vera ny praksis, og transport bør difor utførast tidleg i sesongen.

Med helsing
Tilsynsutvalet i Hordaland

Anne Gerd Nysveen
Sakshandsamar